



Statens vegvesen

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Molde, 4. des. 2023

Uttale – oppstart reguleringsplan for E39 Vestnes ferjekai og landområde

Vi viser til dykkar oppstartsmelding om reguleringsplan for E39 Vestnes ferjekai og landområde (dykkar ref 23/19719).

Vi er glad at Statens vegvesen no klyp i dei uhaldbare forholda ved ferjeleiet ved Furneset. Slik det ligg no er det uforsvarleg i høve til sikkerheita til dei mjuke trafikantane.

FNF Møre og Romsdal sendte i 2015 saman med Syklistenes Landsforening (no Syklistane), inn ei bekymringsmelding om manglande tilrettelegging for gåande og syklande ved Furneset ferjeleie. Vi kalte ferjeleiet då eit skrekkeksempel på dårleg løysing for dei mjuke trafikantar og sa mellom anna;

«Frå sjølve ferjeleiet Furneset bort til gamle Furnesvegen i retning Vestnes er det om lag 575 meter. På sjølve Furnesvegen er det lite trafikk og tåleg trafikk også for dei mjuke trafikantar. Men på dei første 575 metrane frå Furneset ferjeleie mot Vestnes er alt langt opp til løysing for bilane og det er meir eller mindre ekstremesport og bevege seg på denne vegstubben syklende. Gåande er sjeldan og sjå på denne strekninga då det er langt å gå mellom Vestnes og Furneskaia. Dei aller fleste «gåande» køyrer dirfor bil til ferjekaia og går om bord. Utdrøninga knytt til dei syklende i dette trafikkbildet er først og fremst at det ikkje er satt av areal til dei syklende. Dernest ved at det ikkje er plansikker løysing med kryssing av hovudvegen. I tillegg er utforminga av parkeringsplassen og staden kiosken ligg på svært uheldig. Det blir ikkje betre av at ein i dei seinaste åra knytt til tidsklemma, har lagt opp til at det blir pararellkøyring av bilar ut frå ferja. På toppen av alt kjem det bilar ut frå p-plassen på Furneset og ein ferdsel av bilar og folk knytt til kiosken som gjer kaosbilde totalt.»

Som ein minimumsløysing foreslo vi i 2015 at ein straks gjorde følgjande på Furneset ferjeleie;

1. Ein tydeleg oppstramming av parkeringsplassen og arealet rundt kiosken, noko som vil redusere trafikkaoset. Tydeleg P-skilt og berre ei smal inn- og utkjørsel til parkeringsarealet vil markere at alle kjørande til og frå parkeringsplassen har vikeplikt for anna trafikk, inkludert dei gåande og syklende.
2. Tilgang til kiosken må skje via parkeringsplassen og ikkje direkte frå veggen.
3. Ein fysisk adskilt gang- og sykkelveg på innsida av veggen frå ferjekaia til eit fotgjengarfelt for kryssing til Furnesvegen.

Om det var vår bekymringsmelding i 2015 eller andre påtrykk som var utslagsgivande veit vi ikkje, men rett etter så vart det gjort eit forsøk på å forbetre situasjonen med å lage ei utvida skulder. Vi skreiv då følgjande i 2018 i eit brev til Statens vegvesen;

« Innleiingsvis vil vi berømme vegeigaren ved Furneset ferjeleie for at det no er gjort eit forsøk på å leggje til rette også for dei syklende og gåande. Dette er no gjort ved å lage ei utvida skulder på vestsiden av veggen opp til krysningspunktet der gang-/sykkelveg mot Vestnes starter/slutter. Når det er sagt synes vi at dette framleis ikkje er bra. Slik vi oppfattar dette bør denne utvida skulderen vore fysisk skilt ved eks eit autovern. No er det berre ei utydeleg kvitstripe som ikkje ved skilting i asfalt eller på vanleg vegskilt viser at denne sona er tenkt nytta av dei mjuke trafikantar. Vi har ved sjølvsyn sett at denne utvida skuldra (på om lag 2 meter) blir brukt av bilistar som ikkje ser at denne utvida skuldra er tiltenkt gåande/syklende. Så kjem vi til krysningspunktet der gang- og sykkelveg mot Vestnes sluttar/startar. Her er det ingen informasjon eller markering om at nettopp her må nødvendigvis dei gåande/syklende krysse veggen. «

Avslutningsvis bad vi i dette brevet i 2018 til Statens vegvesen om ei vurdering av korleis dei gåande og syklende kan ivaretaast på Furneset ferjeleie, og vi bad om å få vite kva standard



og kva av Statens vegvesen sine handbøker som er grunnlaget for dagens løysing for dei gåande og syklende på Furneset ferjekai.

Svaret som kom frå Statens vegvesen den gonga i 2018 (sjå vedlegg) er i beste fall ei misstyding av innhaldet i samferdselsmyndigheitene sine eigne handbøker, i verste fall lovstridig. Uansett, resultatet vart at ein fortsatte som før utan at vi veit om kva konsekvensar dette fekk for trafikkbildet og ulykkestala for strekninga. Så det er fint at Statens vegvesen no følgjer opp dette ja.

FNF Møre og Romsdal saman med Syklistane arbeider for at det skal vere enklare å velje miljøvenlege transportformar, og at det skal finnast eit reelt alternativ til å nytte motoriserte kjøretøy. Eit godt, gjennomtenkt og tilrettelagt gang og sykkelvegnett i byar, tettstader og mellom tettstader vil forhåpentlegvis føre til eit sunnare og sikrere miljø for innbyggjarane, som fristar til meir fysisk aktivitet – noko vi påpeika blant i vår uttale til dykkar rapport om sykling på strekninga Ålesund - Molde (sjå vedlegg). Vi ønskjer dykk lukke til med planlegginga av ei lovleg og betre løysing for ferjeleiet på Furneset til beste for dei mjuke trafikantar og miljøvenlege transportformer.

Helsing

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli

Fylkeskoordinator
FNF Møre og Romsdal

Kopi: Vestnes kommune

Møre og Romsdal fylkeskommune

Vedlegg:

Bekymringsmelding – manglande tilrettelegging for gåande og syklende på Furneset ferjeleie – brev frå FNF til SVV av 15.09.2015

Tilrettelegging for gåande og syklende på Furneset ferjeleie – brev frå FNF til SVV av 29.05.2018

Vedr. tilrettelegging for gåande og syklende på Furneset ferjekai – brev frå SVV til FNF 25.06.2018

Uttale - fagrappport om tilrettelegging for sykling knytt til vegprosjektet E39 Ålesund – Molde – brev frå FNF til SVV av 27.06.2021